


# BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik




Nr. 2 | juli 2022 | Årgang 64



Foto: Redaktøren

## Bispevisitas i Ulvik er ikkje kvardagskost

Soknerådsmedlemmer, medhjelparar og andre bygdefolk var inviterte til Elvatun for spørsmål, drøfting og prat over ein kopp kaffi. I podiet kyrkjeverje Willemina van Manen, prost Arild Hellesøy, biskop Halvard Nordhaug og soknerådsleiar Knut Nes. Sjå meir om visitasen på side 16–17.



Ulvik kyrkje bygd 1859. Foto: Arkivfoto

*God sommar* 

## ULVIK OG EIDFJORD SOKN

### Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

#### Dagleg leiarkyrkjerje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917  
kyrkjerje@ulvik.kyrkja.no

**Organist:** Edyta Bryk, tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

#### Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik, tlf. 452 28 287,  
tiljorunn@gmail.com

**Søndagsskolen:** Linda Van Moere, tlf. 943 85 859

**Babysong:** Kjersti Johanne Nybø, tlf. 916 02 028

**Kyrkjetenar:** Janne Kristin Stenseth-Håheim,  
tlf. 415 02 460

**Soknerådsleiar:** Knut Nes, tlf. 976 68 025

### Eidfjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51

**Kyrkjerje:** Irene Vivel, irene@eidfjordkyrkje.no

**Organist:** Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

**Kyrkjetenar:** Christian Bouvain, christian@  
eidfjordkyrkje.no

#### Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

**Diakoniarbeidar og klokkar:** Ingeborg Wijland

**Sekretær:** Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

**Soknerådsleiar:** Kari Tveit Hovland, telefon: 970 62 477

### Sokneprestar:

**Eidfjord:** Johannes Pettersen, 53 66 52 51 /

913 40 828, johannes@eidfjordkyrkje.no

**Ulvik:** Magnar Haaland, tlf. 415 46 366,  
mh977@kyrkja.no

**Eller kontakt:** Voss kyrkjekontor – prost, tlf. 56 52 38 80

### Redaksjon for kyrkjebladet:

Kyrkjerje Irene Vivel, Wilma Bergman og  
Kjersti Næsheim. Kyrkjerje Willemina van Manen,  
soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem  
Stein-Arnold Hevrøy.

**Redaktør:** Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077  
steinar.bergo@ulvik.org

**KONTONUMMER:** 3626 26 78029

**VIPPS:** 661653

Bladpengar kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og  
gåver til kyrkjebladet.

**Nettopp du gjer at me held hjula i gang!  
Takk til annonsørane våre for støtta, og  
me oppmodar bygdefolka om å støtta  
dei igjen!**

## Konfirmasjon i Eidfjord 8. mai



Prest Johannes Pettersen med konfirmantane Are Dalseid, Selma Linnea Myklatun, Helene Aurdal Riber og Tobias Meel Myrvang.

## Konfirmasjon i Ulvik 15. mai



Prest Magnar med konfirmantane. Frå venstre framme: Paul Müller, Martine Grønningsæter Thorsen og Tillman Hein-Grosser. Bak frå venstre: Brede Aleksander Fossberg, Peter-Olai Batta Solheim, Arnfinn Tellnes Aarekol. Foto: Hanne Solheim

# Filosofi og eit lukkeleg liv

**Som ung tenkte eg på filosofi som noko høgtravande, noko «der oppe». Men etter kvart skjøna eg at filosofi handlar om det grunnleggjande, om sikker kunnskap om det som kan synast enkelt.**

TEKST: REDAKTØREN

Ein ung filosof, Hilde Vinje, skriv om «Filosofi og Lykke» i boka «En svale gjør ingen sommer». Tittelen høyrset ut som eit kjent norsk uttrykk, men er eit utsegn av Aristoteles. I boka drøftar Hilde Vinje kva eit lukkeleg liv er. Ein som heiter Solon, meinte at ein ikkje kan vita om eit liv er lukkeleg, før personen er død. Aristoteles derimot såg på livet som ein tilstand der dygdene skulle gjera folk lukkelege. Det tydde at å gjera noko for andre skulle gje mennesket kjensle av lukke. Det får oss til å tenkja på det me skreiv i minneboka til kvarandre i gamle dagar: «Den største glede ein kan ha, det er å gjera andre glad.» Eller som Arnulf Øverland skreiv «...det at du gleder en annen, det er den eneste glede.» Kanskje nokon òg hugsar Åse By på nyttårsaftan klokka tolv? «Det er en lykke i livet som ikke vendes til lede: Det at du gleder en annen det er den eneste glede ...»

Som lærar opplevde eg at det vart stilt eit undrande spørsmål om kvifor så mange unge var deprimerte og hadde det vanskeleg. Det kunne lett verta sett på som mangel på takksemd. Svaret var heller at dei hadde alt, og det var alt! Ingen hadde bruk for dei. Eg hugsar godt ei jente som hadde det vanskeleg, som sa: «Når eg hjelper andre, så får eg det litt betre sjølv.» Dette er både livsfilosofi og filosofi. Det gjeld heller ikkje berre dei unge, men oss alle! Vår tid er tufta på å lukkast for at me skal visa oss fram anten det er på sosiale media eller i det offentlege. Krava gjer at dei fleste mislukkast, og me vert motlause. Problemet går rett inn i drøftinga om «Filosofi og Lykke». Filosofien syner oss ei enkel sanning for korleis eit menneske kan leva eit lukkeleg liv! Ordet «dygd» dukkar opp

igjen, ikkje som noka straff eller krav, men som nøkkelen til å kjenna glede. Gleda ved å gje er ei undervurdert glede, og ho er sveltetora i eit samfunn der personleg lukke er i fokus!


I Ulvik lever filosofien i beste velgåande. Me har fleire fastbuande filosofar. På Ulvik folkebibliotek arrangerer Ivar «Filosofisk onsdag». Hadde eg vore betre i matematikk, skulle eg ha rekna ut kor mange filosofar dette ville ha svara til borti

Oslo! Biblioteket innehar det meste: Møteplass, plass for gode samtalar og kunnskap.

Onsdag 11. mai var det «Filosofisk onsdag». Temaet var Sokrates sin forsvarstale. Talen er skriven ned av Platon. Som kjent vart Sokrates tiltala for å «oppvigla ungdommen». Ivar hadde kopiert opp forsvarstalen og snakka om Sokrates, som ikkje var nokon forbrytar, men ein mann som søkte kunnskap og ville få ungdommen til å tenkja sjølv. Sokrates snakka og om «dygd». Eg er ingen filosof, men tykkjer på eit vis at ringen sluttar her. Sjølv om Sokrates tømde giftbegeret med stor ro i år 395 f. Kr., så lever tankane hans framleis, jamvel på Ulvik folkebibliotek!

Sidan dette er Brubbyggjaren, er det tryggast å nemna det som står i Lukas 6. 38: «Gje, så skal de få...»

Me treng ikkje noko stort bål, slik at me skal få mest mogeleg lys over oss for å verta synlege for andre. Det er betre å gjera som indianaren, tenna eit lite bål og sitja nær kvarandre!





## Ei litt annleis påskegudsteneste

TEKST: MANUELA BJOTVEIT  
FOTO: MANUELA BJOTVEIT, CHRISTIAN BOUVAIN

I fleire år har me planlagt å ha påskegudsteneste på fjellet, men så var det dårleg v r eller ein pandemi som hindra dette. I 2022 var endeleg  ret kome der alt l g til rette for   feire gudsteneste p  fjellet. Valet fall p  Liseth pensjonat. Tusen takk til Bj rg og Lars for godt vertskap. Meir enn 80 store og sm  tok

turen i str lende solv r til Liseth, p  ski, til fots, med akebrett eller bil. Det var ei stor glede   kunne feire  rets viktigaste gudsteneste i ei s  fantastisk kulisse og med mange blide folk. Det roper etter ei gjentakning, og me er fast bestemt p    gjere p skefjellgudsteneste til ein ny tradisjon.



## Dugnad p  kyrkjegarden

TEKST OG FOTO: REDAKT REN

Dei fleste kjenner vel til diktet «Gartnaren dr ymer», som Olav H. Hauge skreiv om kyrkjegarden. Kyrkjegarden er endestasjonen for alle. Han er ein freda stad der forfedrane/form drene kviler. Kyrkjegarden utgjer ei stor minnebok om dei som har levd sine liv i glede og sorg i bygda. Det er fint   g  der   «bla» i denne boka i stille ettertanke.

Men d  m  der vera ein fin stad. V ren kjem med nytt liv, gras, lauv og blomar. Men d  m  lauvet og kvistar fr  i fjor fjernast, slik at ein  rar dei d de og nytt liv bl mer.

Den  rlege rake- og ryddedugnaden var denne v ren 4. mai. Det er b de fint, hyggeleg og nyttig   vera med. Sokner det og kyrkjekontoret st r bak. Redakt ren tok bilete i pausen. Helst skulle biletet vore teke medan folk jobba, men det var ur d  




f  alle samla p  eitt bilete d . Det vart jamvel overtid. D  er det vanleg med 50% tillegg. Det vart innvilga, men 50% p  ei timebetaling p  0 kroner viste seg   vera svindel!

Du saknar kanskje Wilma p  biletet, sidan ho har ein finger med i alt som skjer i kyrkjeleg samanheng i Ulvik. Denne dagen var ho sjuk og m tte vera heime. Godt at ikkje dette er arbeid ho m  ta att sj lv, n r ho er frisk att!

## Kultur, tradisjon og tru

FOTO: WILMA VAN MANEN

Det er mykje som skal bort i v r tid. Me misser soge, gode namn og tradisjonar som har gjort oss til eit folk i tusen  r. Slikt gjer oss gjerne fattigare, og meir usynlege. Somme stader har det vore store diskusjonar om elevar skal g  i kyrkja. Difor trykkjer Brubbyggjaren gjerne desse to bileta fr  d  elevane ved Brakanes skule var p  kyrkjevandring. Eg ha lyst   sitera Olav H. Hauge d  han vart spurd om han var ein kristen: «Det varierer fr  dag til dag.» svara han. Kultur og tradisjon er felles, trua er og blir ei sak for den einskilde.



# Fasteaksjonen

## Ulvik

Fasteaksjonen 2022 i Ulvik gjekk føre seg tysdag 5. april. På grunn av pademien i 2021 vart det eit svakt resultat det året. Kyrkjevevje Willemina med assistanse frå prest Magnar gjorde heile jobben med førebuing og orgaisering. Det er ein heil jobb med bøsse, lister, andre formalitetar med innsamling og registrering. Resultatet vart kr 12.056,-, noko som er 536% meir enn i 2021, for dei som kan prosentrekning! Ein må tilbake til «gamle høgder» for kunna nærma seg betre resultat. Posten kom ikkje med Brubyggjaren før etter aksjonsdagen. Det må me prøva å retta på til neste Fasteaksjon. Resultatet pr. innbyggjar for 2022 vart kr 4,59. Det må me slå til neste år!

## Eidfjord

Fasteaksjonen gav eit resultat på kr. 28.525,- i Eidfjord. Av desse vart det samla inn kr 19.850,- i kontantar av bøsseberarane som gjekk frå dør til dør. Resten var Vipps. Det er eit kjempeflott resultat. Eidfjord hadde få konfirmantar, så dei fleste av bøsseberarane var vaksne kvinner og menn. Tusen takk for flott innsats av dei frivillige og til konfirmantane.



Tre lokale tenorar song på samlinga.

## Kan ved hjelpe folk i Ukraina?

Kva kan me bidra med for å hjelpe folket i Ukraina? Det var spørsmålet me stilte oss i staben. Jau, me har masse ved som me kan selja og gje pengane til Kirkens Nødhjelp! Etter gudstenesta 3. april inviterte me til suppe, kaker og kaffi. Christian hadde sekka masse ved, og salet gjekk strykande både av ved og mat. Tusen takk til alle som kom og bidrog til ei kjekk stund! Praten gjekk lett rundt borda, og dei tre lokale tenorane song for oss. Til saman fekk me inn kr. 9.415,- som er oversende til Kirkens Nødhjelp og deira arbeid i Ukraina.

## Ein time fylt med glede – med ei stor overrasking på slutten

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Ein fest på Bu er alltid ei fin sak om det no er 17. mai, sommarfest eller ei gudsteneste. Utegudsteneste vart det diverre ikkje, men fint vart det likevel. 60 personar fann vegen til Bu for å feira gudsteneste, dåp og til stor glede og overrasking for nesten alle, eit bryllaup. Det var absolutt ei unik oppleving.



# Småbarnskafé

TEKST: MANUELA BJOTVEIT  
FOTO: CHRISTIAN BOUVAIN

Er du heime med eit småbarn i permisjon? Treng du eit stoveskifte og å møta andre i same situasjon? Då er småbarnskafé den rette plassen for deg. Me møtest kvar onsdag (ikkje i juli) kl. 11.00 – 13.30 i kontordelen av Eidfjord kyrkje. Her skal me prata, eta, le og syngja i lag. Det er heilt gratis å vera med. Ein treng ikkje melda seg på heller. Blir gjerne med i vår facebookgruppe «Småbarnskafé i Eidfjord kyrkje», så får du alltid ei påminning.



## Dei gode hjelparane

TEKST: REDAKTØREN  
FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

I dei fleste etatar er dei mange om å dela på oppgåvene. Men å driva Ulvik kyrkje, som dei aller fleste er innom fleire gonger i livet, er ansvaret fordelt på få hender. Søndagsskulen, ungdomsarbeidar og kyrkjetenar har sine små hjelparar. Prestane bur på Voss og har arbeid både der og i Granvin, i tillegg til Ulvik. På kyrkjekontoret sit «ei einsleg svale» med mange oppgaver, som ikkje vert gjorde utan at ho er der sjølv. Då var det ekstra fin omtake i å senda bilete til Brubyggjaren av ein frivillig hjelpar i soknet. Alle i Ulvik kjenner Finn Gjerde, både frå Soknerådet, frå Skyss og som «handy man»! Her har kyrkjevevja knipsa han i ferd med å setja opp ny og sjølvlagde informasjonstavle utanfor inngangsporten til kyrkja. Redaktøren kjenner til at Finn tidlegare ha reparert offerbøssene både i Ulvik og Granvin. Det er han som har laga det store skiltet framfor inngangen til kyrkjekontoret og!



Ein proff mann med proft utstyr ordnar opp.



## «På trua laus» med Sylfest Lomheim

Scan qr-koden og du kan sjå eit redigert opptak av samtalen mellom biskop Halvor Nordhaug og professor em. Sylfest Lomheim 20. april i serien «På trua laus» på Litteraturhuset i Bergen.



# Stell av gravplassane i Ulvik

Det har vore litt innkøyringsproblem ved overgang frå drift av gravplassane frå Ulvik herad til Ulvik sokn. I april var det mangel av vatn i kranane, og benkane på Rossvoll hadde ikkje kome på plass. Etter fyrste grasslått den 16. mai vaks graset mykje fortare og høgare enn ein skulle venta. Men me har tru på at med jamleg grasslått 3 til 4 gonger i månaden, vil dette vera under kontroll resten av sesongen. Den største utfordringa har vel vore bosshenting. Takk til alle som hjalp til ved å samla og køyra boss til miljøstasjonen!

Ved førespurnad om stell av gravplassane i Ulvik, kan ein ta kontakt med kyrkjelydskontoret, tel. 56 52 68 00, eller senda melding via e-post kyrkjevevje@ulvik.kyrkja.no.

*Kyrkjevevje i Ulvik, Wilma Van Manen*

# Nytt oppvarmingssystem i kyrkja i Ulvik

TEKST: WILLEMINA VAN MANEN

Brbyggjaren har høyrte om at kyrkja trong nytt oppvarmingssystem. Redaktøren måtte ta turen til kyrkjevevja for å få vita litt om dette prosjektet. Ho fortel at det har vore ein vanskeleg prosess med mykje arbeid. Det har vore tilbods konkurranse, og ein prosess som måtte ha to rundar. Fyrste tilbodet som ein gjekk for, synt seg å ikkje levera den typen benkeomnar ein ville ha. Me måtte gå for eit tilbod som var dobbelt så høgt. Litt skuldast prisstigning. Eit problem med det fyrste tilbodet var at dei ville bryta opp midtgangen. Slikt er både problematisk og lite ynskjeleg. Det nye tilbodet inneber at dei skal klara å krypa under golvet for å trekkja kabelen.

Finansieringa ser no slik ut: Arbeid med nye benkomnar: Kostnad om lag 850 000 kr. Tømrararbeid 25 000 kr. Ulvik sokn brukar 230 000 kr. av investeringsfondet sitt. Det er søkt om ekstraløyving frå Ulvik herad på 200 000 kr. Arbeidet startar 29. august og tek omlag to veker. Ein reknar med at kyrkja er stengd to dagar medan ein jobbar med el-skapet, og i ei veke medan leidningar kjem på plass.

I tilfelle gravferd finn me ei løysing.

# Open kyrkje sommar 2022

TEKST OG FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

Det viste seg å vera vanskelig å ha open kyrkje i sommarsesongen, som var vane før koronapandemien. Me er veldig glade for at me no har funne ei berekraftig løysing og samarbeid. Ulvik turistkontor skal halda kyrkjedørene opne dei dagane turistkontoret er ope.



Me har fått lov av familien og bruka dette fine biletet. Prest Bengt Arvid døyper vesle Synne frå Eidfjord.



Kan ein ha finare utsikt frå altaret?



Aktivitetar for borna, grilling og kake.



Mykje folk, bunader og sol i Osa.

# Gudsteneste i Osa 2. pinsedag

**Dette var ei heil spesiell gudsteneste ute i det fri på ein vakker soldag. Her mangla ingenting. Altar, musikk og jamvel eit dåpsbarn var gjorde dagen til eit minne for livet for dei frammøtte.**

TEKST: JORUNN BERGO AARVIK  
FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

Rammene var dei aller beste då kyrkjelyden samla seg til utegudsteneste i Osa 2. pinsedag. På førehand hadde ein sikra seg nyklar til grendahuset, i tilfelle vêret skulle bli dårleg. Men det var ingen grunn til å trekkja innomhus. Sola steikte

frå skyfri himmel, og fjorden låg spegelblank. Gudstenesta kunne difor haldast nede ved fjæresteinane som planlagt. Kyrkjebenkane var erstatta av pinnestolar og sitjeunderlag, og orgeltonane var for anledninga bytta ut med fele og tverrfløyte. Ekstra kjekt var det å kunne feira dåp denne dagen. Det var vesle Synne frå Eidfjord som vart boren til dåpen, omslutta av heile storfamilien.

Etter gudstenesta var det pinseaktivitetar, grilling og kake. Dei tøffaste nytta dessutan høvet til ein dukkert i fjorden. Fleire ytra ynskje om at utegudsteneste skal verta ein fast tradisjon i Osa pinsehelga. Det er eit innspel å ta med seg!

# Maktskifte i «kyrkjebransjen» i Ulvik

FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

Du las vel om Jan Arvid Gjørn i det førre Brubbyggjaren. Han feira 75-årsdag, og vart takka av etter lang og trugen teneste. På gudstenesta med kyrkjekaffi vart maktskiftet eller vaktskiftet markert ved at den avtroppande kyrkjetenar og påtroppande kyrkjetenar vart vist fram. Me takka den gamle og ynskte den nye lukke til i det viktige arbeidet med å syta for at alt er på plass når det skal skje noko i kyrkja.



Ei lita markering på kyrkjekontoret høyrde med.



Jan Arvid Gjørn vart takka av etter lang og tru teneste.



Soknerådsleiar, Knut Nes, takka avtroppande Jan Arvid Gjørn for innsatsen.



... og ynskte Jann-Kristin Stenseth Håheim velkomen og lukke til i som ny kyrkjetenar.

# Me toppar laget med ny medarbeidar

TEKST: TONE F NESHEIM/IRENE VIVELI  
FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Me i staben i Eidfjord kyrkje er stolte over å ha fått Ingeborg Wijland med oss på laget. Manuela har ønska seg litt lågare stillingsprosent og det er desse prosentane Ingeborg har overtatt.

Ingeborg er opprinneleg frå Nederland men har budd i Norge og Øvre Eidfjord i mange år. No har ho tatt over stillinga som diakoniarbeidar og klokkar i Eidfjord kyrkje. Sidan diakoni inngår i det meste me gjer i kyrkja, vil ho ha varierte arbeidsoppgåver. Ingeborg er ei kreativ dame som blant mykje anna driv med teater. Ho har dratt i gang mange spennande prosjekt og lagar både kulisser og effektar med stor iver. Borna frå kulturskolen kjenner ho godt, det same gjer dei som bur på Bygdaheimen. Vår nye diakoniarbeidar har ei fantastisk stemme og har gjerne med gitaren sin. Da blir det stemning med ein gong. Frå Bygdaheimen har ho lært seg gamle ord og uttrykk. Dette liker ho veldig godt. Du kan difor risikere



Vår nye diakoniarbeidar Ingeborg Wijland.

at denne nederlandske dama plutselig kan finne på å strø om seg med gamle Eidfjord-uttrykk som dei færreste i dag har høyrte om. «Tåtevidla» for eksempel, det har visst noko med skravling å gjere. Ingeborg er tilsett i 25% stilling, og starta i jobben 1. juni. Dette vert spennande. Me gler oss, og ønsker ho hjarteleg velkomen i staben!

# Ein prat med den nye kyrkjetenaren

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Den 1. april i år fekk Ulvik kyrkje ny kyrkjetenar. Det er meir arbeid enn folk trur å driva ei kyrkje, og det er ein liten stab som skal gjera arbeidet. I samband med bruken av kyrkja er det mange praktiske detaljar å passa på.

Brubbyggjaren måtte sjølvst ha ein prat med den nye kyrkjetenaren, Janne-Kristin Stenseth Håheim. Dei fleste kjenner henne frå ulike samanhengar, men for andre i bygda og lesarar utanbygds må me fortelja litt om bakgrunnen hennar. Ho er oppvaksen i Jølster. Der gjekk ho i grunnskulen og tok husmorskule. I Sunnfjord hadde ho ulike jobbar: På kafé, i barnehagen i Førde og dagmamma. I 1996 kom ho til Ulvik og jobba i barnehagen i to år. Ho gifta seg med Arne-Johannes Håheim, og dei bygde hus på Håheim i 1999. Dei har fire born frå 24 til 11 år. I dei seinare åra har Janne Kristin og hatt fleire jobbar: Heimehjelpassistent, SFO, og Nille på Voss. Frå 2016 har ho hatt deltidsjobb på Coop. Ja, ho har jamvel vaska i kyrkja og på kyrkjekontoret!

Forvitenskap er grunnleggjande for ein redaktør, og eg lurte sjølvst på korleis ho vart kyrkjetenar? «Eg såg utlysinga», svara ho. «Eg tenkte, var usikker og trudde ikkje det var noko

for meg.» la ho til. Me så hadde ho fått spørsmålet, heldt ho fram. Då sende ho ein søknad, fordi ho alltid har likt å jobba med folk. Som nemnt, fekk ho jobben og trivest. Sjølvst er det mykje å setja seg inn i: Teknikk, elektronikk, låsing, lys, varme, flagging og rydding. Ved kyrkjelege handlingar der folk møter opp tidleg for til dømes å ordna med pynting av kister og nedsetjing av urner, møter ho folk, og presten skal ha ting på plass til dåp og nattverd.

Eg takkar for praten og ynskjer lukke til i arbeidet!



I den gamle døypefonten frå 1300-talet har mange hovud fått sin dåp. Kyrkjetenaren blandar vatnet passe varmt. Så om ungen skrik, så er det ikkje temperaturen på vatnet!

# «Eg er liten, men likevel stor. Det beste som er skapt på jord»



TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

To gonger fekk barnekoret i vår stå på ein stor scene og syngja for mykje folk, på ein skikkeleg konsert med Kristine Akselen og på basaren til koret Toneskredo. Det var stas. Sjølv om barnekoret vårt er lite, så er det jo mykje lyd i dei likevel. Ut av full hals kunne me syngja «Eg er liten, men likevel stor. Det beste som er skapt på jord.» Me gler oss til hausten, då skal me starta opp at med barnekoret Songglede. Denne gongen



fast kvar veke. Øvingsdagane er tysdagar kl. 17.00 – 17.30 i Eidfjord kyrkje. Første øving er tysdag 23.08.2022. Dei vaksne som du møter i barnekoret, er Ingeborg Wijland og Hilde Anette Oksavik Bu. Manuela Bjoiteit kjem innom når Ingeborg eller Hilde Anette ikkje kan. Til barnekoret er alle born mellom 4 og 10 år velkomne. Det blir kjempekjekt.

## Kva veit du om Jakobskyrkja?



Kyrkja i Santiago de Compostella.  
Foto: Redaktøren

Santiago de Compostela-katedralen ligg i byen Santiago de Compostela i Nordvest-Spania, og er bygd over det som etter tradisjonen vert rekna for å vere grava til apostelen Jakob den eldre. Katedralen var eit særskilt viktig pilegrimsmål i mellomalderen og framover. Mange av dei store mellomalderkatedralane i Frankrike ligg langs pilegrimsvegane hit, og er bygde slik at krava som vart sette til ferdafolket om bøn og bot, høgtidlege lovnader og religiøs førebuing på ferda skulle kunne stettast. Pilegrimsferder til katedralen Santiago de Compostela er vanlege i vår tid òg. Apostelen Jakob den eldre vart halshogd i Jerusalem, slik det går fram av kapittel 12, vers 2 i Apostelgjerningane i Det nye testamentet. Avrettinga skal ha skjedd i påska i året 44. Legender gjer greie for korleis det hadde seg at liket til slutt

vart gravlagd i Nordvest-Spania, og på byrjinga av 800-talet vart det funne bein som vart godtekte av biskop og pave som Jakobs relikviar. Men den armenske Jakobskyrkja i Jerusalem gjer krav på å ha Jakobs hovudskalle. Redaktøren har gått eit stykke på pilgrimsvegen fram til katedralen. Vegen er merka med skjell, fordi båten som kom med hovudskallen var dekkja av skjell i baugen og skipssidene.

Men at Eidfjord har si eige Jakobskyrkje, er nytt for meg og sikkert for mange. Her kan du lesa om kyrkja og hendingar der. Leni Mæland er prest og fortel oss om kyrkja. Du kan og møta fram på gudstenesta i Eidfjord gamle kyrkje, 25. juli kl. 18.00, og høyra henne.

## Folkemusikkmesse i vår eiga Jakobskyrkje

TEKST: LENI MÆLAND  
FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Den 25. juli blir rekna som apostelen Jakob sin dødsdag. Han er den einaste av apostlane vi høyrer om i Bibelen, som måtte bøte med livet for si tru. Jakob sin dødsdag er merka på våre primstavar og i katolsk tid feira ein messe denne dagen. Jakob er og skytshelgen for Spania. Mange av dykk har sikkert høyrte om pilegrimsleden Santiago de Compostella. Den lange vegen, som også mange nordmenn har gått. Pilegrimsleden leier til den storslåtte Jakobskyrkja, der ein kan finne kvile for si trøyte sjel.

I Norge har vi tre Jakobskyrkjer. Ei i Bergen, ei i Oslo og ei her hjå oss her i Eidfjord. Det er me stolte av. Både i Bergen og i Oslo er Jakobskyrkjene blitt kulturkyrkjer for unge menneske. De har kanskje høyrte om kulturkyrkja Jakob, der Erik Hillestad og Karoline Krüger har utvikla eigne Jakobsmesser?

I Eidfjord blir tradisjonen med Jakobsmesse den 25. juli halde ved lag. Hjå oss står folkemusikktradisjonen sterkt. Det er vårt kulturelle språk. Difor er det ei glede at Ranveig Djonne har takka ja til å leia oss inn i den vakre Folkemusikk liturgien, som ho har vore med på å komponert. Det blir ei stor oppleving å opna den vakre kyrkja vår igjen. Vi gler oss og oppmodar alle som er i Eidfjord midtsommars, til å setje av tid og stad. Varmt velkomen til ei vakker gudsteneste i Eidfjord gamle kyrkje, 25. juli kl. 18.00.



Det er ei heilt spesiell stemning i den gamle steinkyrkja vår. Med Ranveig på toradar kjem dette til å bli heilt magisk.

## Har kyrkja egentleg òg bursdag?

TEKST: MANUELA BJOTVEIT,  
SKRIFTHUSET/DEN NORSKE KYRKJE

**Ja, det har ho. Kvart år feirar me kyrkja sin bursdag, til og med to dagar i slengen. Bursdagsfesten til kyrkja heiter Pinse. Kva skjedd eigentleg i Pinsen? Det kan du lesa her:**

Sju veker etter påske kom pinsedagen. Dette var ein fest til minne om Moses og dei ti bod. Mange gjekk til tempelet. Dei takka Gud og song: *Alle dine bod er rettferdige. Hjelp meg med di hand, for eg har valt å følgja dine bod.*

Venene til Jesus var også samla. Plutseleg høyrdest lyden av ein sterk storm. Tunger som av eld viste seg, delte seg og sette seg på kvar enkelt av dei. Dei blei fylte av Den heilage ande og begynte å tala på alle slags tungemål. I byen budde det folk frå mange land. Dei sa: «Er dei ikkje galilearar? Men me høyrer dei tala på våre eigne språk.»



ROLF SITT  
FORTELJARHJØRE



Då reiste Peter seg saman med dei elleve og sa: «No skjer det som profeten har sagt. Gud vil ausa sin ande over alle menneske, over unge og gamle, over gutar og jenter. Ja, også over slavar. Vend om og bli døypt. Gud vil tilgi syndene og vil gje dykk Den heilage ande i gåve.»

Denne dagen vart tre tusen menneske døypte. Dei heldt saman og gledde seg. Dei takka Gud og song: *Du sender din ande, og det skapast liv. Du fornyar jordas overflate. Herrens ære varar evig. Herren gleder seg over sitt verk.*

På NRK TV kan du òg sjå ein kort film om kvifor me feirar pinse, og ikkje minst kvifor det er fri på måndag etter pinsedagen. Scann QR-Coden til å sjå videoen.

SCAN ME



### PINSE FOR ALLE

PINSEN ER KIRKENES FØDSELSDAG. MEN HVEM ER BURS DAGSBARNET? DET ER JACOB OG JUAN. LISE OG NILAS. AI OG JEG.

#### OPPGAVE

HVA HETER BARNA? SE PÅ KLÆRNE OG FLAGGENE. SKRIV RETTE NAVN. HVILKET ORD FÅR DU DA?

Illustration of children with speech bubbles and a crossword puzzle.

Speech bubbles:

- HEI. MU NAMM LEA ...
- 你好, 我叫艾。
- HEI. JEG HETER ...
- OI. MEU NOME E ...
- SALUT. JE M'APPELE ...
- VI TENNER ET LYS FOR AI, GUDS BARN, VÅR SØSTER.

Crossword puzzle:

H	L	L	J

Flags and names below:

- JUAN ER FRA BRASIL
- JACOB ER FRA KONGO
- NILAS ER SAMISK
- AI ER FRA KINA
- LISE ER FRA NORGE



# Vått, men veldig gøy

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Det var mottoet under årets Naturkultur. Naturkultur står for natur, kultur og tur. Det er eit prosjekt me kvart år tilbyr for ungdommar i 6.-8. klasse. Dei siste to åra vart det dessverre ingenting. Men no endeleg var det tid for ein ny runde. Temaet i år var Paulus.



Alle som torde, kunne «vaske seg reine» i bekken slik Johannes døyparen i bibelen gjorde. Og jammen var alle saman tøffe og la seg i bekken. Vatnet var definitivt kaldt. Men kven klarte seg best? I ein heit ordkonkurranse gjekk Martine av med sigeren. Ho er årets bekkevandrarar.



På første samlinga i år blei me våte nedanfrå. Då gjekk me tur i Simadalen. Men ikkje kva som helst tur. Turen gjekk nemleg i bekken. Ungdommane blei delte inn i to grupper. Langs bekken venta forskjellige oppgaver og spørsmål. I enden venta Johannes på ungdommane.



2. samling starta med ein runde volleyball på Ostangen. Stemninga var på topp. Etter ein kort spasertur til Sjøbua, fekk alle deltakar gå ut på vatnet. Ikkje til fots som Jesus, men i kajakk. Veldig få hadde prøvd det før. Alle hadde det kjekt, men anstrengande var det. Takk Michael frå Best Adventures.



Fredag 10. juni var det endeleg tid for leir att. Leirstaden var Bu grendahus. Ein fantastisk plass å vera. Volleyballnettet kom på plass tidleg, og det blei brukt mykje. Ikkje berre av ungdommane, men òg av leiarane. Det var nokre kamper mellom ungdommar og leiarane eller alle mot Christian. Våte blei me på leiren òg. Jentene beviste ein gong til at dei er tøffe, og bada i fjorden, då me tok turen ned til Busnes. Ein av gutane tok

seg òg eit forfriskande bad. Elles var det litt mykje regn på Bu, men stemninga var bra likevel. Det var godt å kunne vera inne i grendahuset innimellom.



Tusen takk for oss. Me gler oss til neste leir i 2023. Me skal ikkje røpa så mykje endå, men leiarteamet har allereie samla gode idear. Fekk du litt lyst å vera med som leiar? Send oss ei melding, me gler oss. Alle over 15 år kan vera leiar.





Foto utlånt av Arild Hellesøy. F ramme frå venstre: Kyrkjeverje Willemina Van Manen, ordførar Petter Thorbjørnsen, biskop Halvor Nordhaug, organist Edyta Bryk. Bak frå venstre: Soknerådsleiar Knut Nes, soknerådsmedlem Finn Gjerde, kyrkjetenar Janne-Kristin Stenseth Håheim, soknerådsmedlem Børnheim, prost Arild Hellesøy og soknerådsmedlem Venke Langballe.

## Bispevisitas i Ulvik

**For om lag to år sidan fekk Ulvik sokneråd melding frå bispekontoret at det skulle vera bispevisitas i Ulvik sokn. Men slik det vart for mange andre tilskipingar, vart også dette utsett av pandemien.**

TEKST: SOKNERÅDSLEIAR KNUT NES  
FOTO: REDAKTØREN

Det er nær 20 år sidan sist det var bispevisitas i Ulvik. Då var det biskop Hageseter som var på gjesting. No er Hallvor Nordhaug biskop i Bjørgvin. Det har han vore sidan 2009. Saman med biskop Nordhaug var og prost i Hardanger og Voss prosti, Arild Hellesøy og Torfinn Wang frå bispekontoret. Diverre vart sokneprest Magnar Haaland sjuk slik at han kunne ikkje ta del i visitasen, men han hadde lagt alt godt til rette på førehand både med program og det praktiske. Det er med stort alvor ein førebud bispevisitas i kyrkjesoknet. Biskopen er øverste leiar, og det står stor respekt av han som person og leiar.

Den 15. og 16. juni var sett av til bispevisitas i Ulvik med etterfylgjande visitasgudsteneste søndag 19. juni. Programmet for visitasen var omfattande. Samling i kyrkja, samtalar med dei tilsette samla og kvar for seg. Det var samling for soknerådsmedlemane, dei tilsette og alle frivillige hjelparar på ungdomshuset Elvatun første kvelden. Det var eit nyttig møte der mange små og store oppgaver vart løfta fram og diskuterte.

Neste morgon møtte biskopen elevar i 8. klasse, skuleleiinga og lærarar ved Brakanes skule. Biskopen var imponert over skulen i Ulvik og alle dei frimodige ungdomane som hadde laga til 40 spørsmål til biskopen. Han hadde eit håp om å stå til munnleg eksamen, som han sa sjølv.

I samband med ein visitas er det vanleg med eit møte med leiarane i heradet. Biskopen med fylgje vart godt mottekne av ordførar og rådmann i Ulvik der ein fekk drøfta ulike spørsmål knytt til kyrkje og kristenliv i Ulvik, også med stor vekt på økonomi og budsjett for Ulvik kyrkje.

Andre dagen vart avslutta med omvising i Haugesenteret og presentasjon av Olav H. Hauge si diktning ved leiaren for senteret, Geir Neteland.

Sundag 19. juni var det ei fin visitasgudsteneste i Ulvik kyrkje, visitasforedrag av biskop Nordhaug og ei hyggeleg stund med kyrkjekaffi på Brakanes hotel med god oppslutnad.



Stabsmøte på kyrkjekontoret. Frå venstre: Søndagsskulearbeidar Linda Van Moere, Organist Edyta Bryk, biskop Halvor Nordhaug, Janne-Kristin Stenseth Håheim, prost Arild Hellesøy, barne- og ungdomsarbeidar Jorunn Bergo Aarvik og rådgjevar Torfinn Wang. Foto: Wilma Van Manen.

Biskopen heldt foredraget sitt om tilstanden i Ulvik sokn.



Biskopen preika. I bakgrunnen ser ein prosten, soknerådsleiar og klokkar, Lilly Hammer.



Glimt frå kyrkjekaffien på Brakanes hotel.

## Som dagane går...

### Døypte

**Ulvik**  
Håvard Sæterdal Øydvin  
Synne Myrvand

**Eidfjord**  
Maria Sæbø Vik  
Syver Liseth Boge  
Olivia Wangen Sætre  
Veslemøy Sæbø  
Hennie Gullbrå Norum  
Kristoffer Gautestad Bu

### Avlidne

**Ulvik**  
Bergljot Sognefest fødd 1928  
Olav Bergo fødd 1947  
Knut K. Håheim fødd 1928  
Hildeborg Bird fødd 1940

### Vigde

**Eidfjord**  
Regine Åsen Jersin og  
Andreas Grødem  
Irene Eriksen Gautestad og  
Lars Runar Bu  
Stine Velten og Olav Andre Eidnes





Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT  
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri  
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjøkt  
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64



## GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer

hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også benting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider  
på tlf. 56 52 64 47  
mob. 952 10554 / 952 13375

## BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar  
av blomahelsingar til alle høve,  
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera

blomahelsingar til dei pårørende,

kransar

båredekorasjonar

bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss  
pynting og stell av graver.

## GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne  
i samarbeid med



(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

**MURMESTER**  
Nils Gunnar  
**ØYDVIN AS**  
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



**joker**  
- helt i nærheten

BUTIKK1 AS  
5730 Ulvik  
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en  
hyggelig handel

Maskinentreprenør  
**Arne Osa**  
5730 ULVIK  
TLF. 56 52 64 82  
MOB. 91 10 18 95



FJORØTIND  
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik  
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale  
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.  
Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no  
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

## Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

**Vinsands** VİRKE  
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

**ULVIK BENSIN & SERVICE**  
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89  
Mob. 907 54 533




Det finst mange  
små og store draumar  
på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så  
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos  
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar  
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,  
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte





## Gudstenesteliste

### ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
03.07.2022	14:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
17.07.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
31.07.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
21.08.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
28.08.2022	14:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Presentasjonsgudsteneste
11.09.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste Konfirmantjubileum
25.09.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
16.10.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
23.10.2022	14:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

### EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
25.07.2022	18.00	Måndag	Eidfjord gamle kyrkje	Jakobsmesse
21.08.2022	11.00	Sundag	Natursenteret	
11.09.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Presentasjonsgudsteneste
25.09.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Hausttakkefest
16.10.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	

Me ønskjer å oppretta ei sms-teneste der dei som vil, får ei sms-påminning frå oss nokre dagar før gudstenesta. Ønskjer du å stå på lista, ta kontakt med kyrkjekontoret i Eidfjord. 53 66 52 51 eller [post@eidfjordkyrkje.no](mailto:post@eidfjordkyrkje.no)

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og ved gåver.  
Vipps Ulvik kyrkje: 125390 - Vipps Eidfjord kyrkje: 127865

## Søndagsskolen i Ulvik

Søndagsskolen i Ulvik er tilpassa born i alderen 4-10 år og møtest 3-4 gonger i halvåret. For informasjon om tidspunkt og aktivitetar, sjekk facebookgruppa «Søndagsskolen i Ulvik». Ta kontakt med Linda V M Praestiin på telefon 934 89 261 om du har spørsmål eller ynskjer å hjelpe til!